

no eller kontakt oss på **56 30 29 50**.
n bilete kr 50,-.

ille

Mirakelet i Moldova til eldretreffet

Optiker Hans Bjørn Bakketeig er gjest på Eldretreffet 6. november. Bakketeig kom til Moldova første gongen i 2001 invitert av organisasjonen Hjelp Moldova.

Ein synspedagog i Hjelp Moldova kunne fortelja Bakketeig at på ein skule der fleire var svaksynte, var det ikkje ein einaste elev som hadde briller.

Bakketeig reiste til Moldova med ein tanke om at han kanskje kunne hjelpa ein svaksynt der borte...

No, 17 år seinare, kan han oppsumera at dei har hjelpt nærare 10.000 svaksynte. Ja, for den eine turen til Moldova i 2001 vart til ein innsats heilt fram til no. Seks til sju månader kvart år har han arbeidd i Moldova.

Største mirkalet gjennom alle desse åra med ein kamp mot byråkrati og fattigdom, var kanskje då ein klasse på 12 studentar tok til på landet sitt første

optometristudie. Desse studentane er no i sitt andre studieår og eit nytt studentkull på 19 studentar tok til denne hausten.

Desse blir Moldovas første optikarar utdanna i Moldova!

På bakgrunn av dette livsverket til Hans Bjørn Bakketeig forstår vi godt at han i desember 2017 vart utnemnd til Riddar av første klasse!

Komande tirsdag kan du møta han og høyra om dette livsverket hans på Eldretreffet i Kløvertun.

Kongshauglev Lilly Haugetun Hitsøy vil glede oss med sin friske trekkspelmusikk.

Det blir òg velsmakande bevertning, diktlesing og ord for dagen.

Velkomen!

Osvald Hindenes



Eldretreff



i KLØVERTUN

tirsdag 6. november kl. 12.00.

Velkommen til hyggelig treff og velsmakende bevertning!

Gjest: **HANS BJØRN BAKKETEIG**.

Tema: *Moldovaprojektet Hjelp der hjelpa trengst*

Trekkspelmusikk v/Kongshaug-elev

Lilly Haugetun Hitsøy. Dikt og ord for dagen!

Os sokneråd i samarb. med

Os Sanitetsforening med støtte frå



Folkeakademiet
05